



DOVRE KOMMUNE

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utvalg/styre/ råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtested:
Kontrollutvalet	10. mars 2020	3. mars 2020	Båtsto

Til stede på møtet:

Av i alt 5 medlemmer var 5 faste til stades.

Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.

Møtet varte fra kl. 1000 til kl. 1400


Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført på sak nr. 6 – 10/2020 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.


Odd Leif Angård


Rannei Hovde


Aud Gjørwad


Arild Dalseth


Steinar Kveen

Utskrifter:

Protokoll frå kontrollutvalets møte går til:

- Medlemmene av kontrollutvalget og varamedlemmer.
- Dovre kommune, rådmannen
- Dovre kommune, v/ordføreren
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

Møteinnkalling vart godkjent utan kommentar.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 10. mars 2020	Saknr: 06/2020
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

- Revisors vurdering av uavhengighet
 - o Dagleg leiar
 - o Oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar

VURDERING AV REVISORS UAVHENGIGHEIT

Saksframstilling:

Kontrollutvalet har oppgåver med regnskapsrevisjon etter Kommuneloven § 23 -2 og Kontriollutvalgsforskriftens kapittel 3. (Tidlegare lov § 77 nr. 4) og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at regnskapa blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytta til fleire tilhøve:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer eventuelle avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigerklæring.

Sekretæren har vurdert revisorane si erklæring om uavhengigheit og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek dagleg leiar og forvaltningsrevisorar si erklæring om uavhengigheit til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom erklæringa.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek dagleg leiar og forvaltningsrevisorar si erklæring om uavhengigheit til orientering.
Samrøystes.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 10. mars 2020	Saksnr: 07/2020
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

Avregning total ressursbruk 2019
Årsrapport 2019

INNLANDET REVISJON IKS – ÅRSRAPPORT OG AVREGNING 2019

Oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS vart handsama i sak nr. 15/2018 10. oktober 2018. Denne gjev grunnlag for fakturering gjennom året. Etter avtalen skal tenesten avreknast etter reelt ressursbruk.

Avrekninga syner mindreforbruk andsynes oppdragsavtalen. Differansen for tenesteyting utgjer kr. 254 460. Med frådrag for tilleggsinnbetaling til pensjonsfond, utgjer differansen kr. 209 260. Dette går til frådrag inneverande år.

Leiar for Innlandet Revisjon IKS deltek på møtet med nærare orientering.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2019 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom materiellet og drøfta forskjellige høve.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2019 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering. Samrøystes.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato:	Saksnr: 08/2020
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Selskapskontroll "Ansettelse ved Nord-Gudbrandsdal Regionkontor"
Sak nr. 32/2019 Vågå kontrollutval / Sak nr. 09/2020 Vågå kommunestyre

SELSKAPSKONTROLL OM TILSETTINGAR VED NORD-GUDBRANDSDAL REGIONKONTOR

For sjølve saksutgreiinga, er vedlagt handsaminga i Vågå kommune. For ein kort oppsummering, vart saka varsla til sekretariatet. Varslinga stilte spørsmål ved tilsetting av dagleg leiar og prosjektleiar ved regionkontoret. Nord-Gudbrandsdal regionråd er eigen juridisk eining med dei seks Norddalskommunane som eigarar. Grunna tilknytning bestilte Vågå kommune ei utgreiing av tilhøva. Denne bestillinga er seinare orientert i dei fem andre kontrollutvala. Samtlege har fatta vedtak om kostnadsfordeling med utarbeiding av rapporten.

Vågå kontrollutval gjorde vedtak/innstilling til kommunestyret med anbefalingar og forslag til forbetringar i rutinane ved regionkontoret, samt eit punkt om tilhøva til varslarar. I kommunestyrehandsaminga vart desse forslaga nedstemt, slik at kommunestyrevedtaket vart i samsvar med sekretariatets innstilling.

Vurdering:

Sekretær står fast på opprinneleg innstilling. Den sentrale problemstillinga i saka er dei rettslege høva om habilitet. Vurderinga er om dei involverte personane har handla innanfor gjeldande lovverk. Rapporten konkluderer med at aktørane har vore habile i avgjerslene dei har teke. Ein uavhengig, objektiv rapport er da lagt til grunn og klarlagt dei faktiske tilhøva.

Saka er handsama av Vågå kommunestyre. Da regionkontoret er eigd av kommunane som sjølvstendige einingar, meiner sekretær det er mest korrekt at kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til ordinær handsaming.

Forslag til vedtak/innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelse i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.

Handsaming:

Sekretær orienterte om saksprosessen. Kontrollutvalet gjekk gjennom og drøfta saka.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelse i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.
Samrøystes.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 10. mars 2020	Saksnr: 09/20
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektør orienterer om Fylkesmannens kontrollrapport om kommunal beredskapssplikt og helseberedskap.

Kommunedirektøren er også beden om å gjera greie for sitt syn på tenestene i kommunen og kor han synes det evt. kunne vore nyttig med ein forvaltningsrevisjon.

Handsaming:

Brannsjef Åge Tøndevoldshagen orienterte om fylkesmannens kontrollrapport om kommunal beredskapssplikt og helseberedskap:

- Forklarte bildet om samfunnsberedskap og heilheitsperspektivet med militær og sivile aktørar.
- Spesifikk orientering om modell kriseledelse på Lesja/Dovre
- Avvik tilsynsrapport
 - Gjekk gjennom avvik, der det vart presisert at kommunen har innvendingar og vil gje attendemeldingar på dette

Under oppsummeringa av orienteringa deltok rådmann Halvor Nissen og HR-leiar Hege Lorentzen (på tlf.) .

Administrasjonen konkluderar med at hovedfokus for kommunen er drift og utføring av tenestene.

Kontrollutvalet ser positivt på arbeidet som er gjort. Utvalet ser dei økonomiske utfordringane ein har i Dovre kommune og prioriteringane etter dette.

Rådmannen gjekk gjennom tenesteytinga og utfordringar i kommunen. Dovre har jamt god rangering i Kommunebarometeret. Kommunen har stabilt gode medarbeidarar. Spesifikt fekk utvalet attendemeldingar på internkontrollen, der administrasjonen vil gje nærare orientering om det daglege arbeidet med systema.

Rådmannen ser nytte i ein evt. forvaltningsrevisjon på helseområdet, spesielt 6K samarbeidet med NGLMS. Ein kontroll med forvaltning og tilbod på området vil også kunne vera nyttig i prosessen framover.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 10. mars 2020	Saksnr: 10/2020
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

ARBEIDSMØTE

I arbeidsmøte 23. januar 2020 gikk sekretær gjennom arbeidet med og bakgrunn for risiko og vesentlegheitsvurdering og plan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Kontrollutvalet drøfta høvet og vurderte det slik at dei tek opp prosessen i seinare arbeidsmøte.

På bakgrunn av dette vurderer kontrollutvalet tilhøve dei ynskjer nærare utgreidd i samband med risiko- og vesentlegheitsvurderinga. Det kan vera tema for

- Forvaltningsrevisjon
- Eigarskapskontroll
- Orienteringar frå administrasjonen

Handsaming:

Kontrollutvalet ynskjer å delta på kommunens økonomidag i samband med budsjetthandsaming.

Kontrollutvalet ber sekretær sende fylkesmannens kommunebilde og link til aktuell informasjon, som tilsynskalenderen.